



Utdanningsmelding

2006/2007

Det humanistiske fakultet

Universitetet i Bergen



1 Studietilbudet ved fakultetet

Fakultetet hadde i 2006-2007 ei programportefølje som omfatta 17 bachelorprogram. Det var oppretta eitt nytt bachelorprogram for studieåret, bachelorprogram i Latinamerikastudium. Bachelorprogramma i musikk og i musikk - tradisjonsmusikk er disiplinære program, og vidare har vi åtte tverrfaglege bachelorprogram og seks tverrfakultære program på lågare grad. Fakultetet har to integrerte masterutdanningar innanfor lærarutdanninga og ei rekkje årsstudium i skulefaga, både som ordinære studieprogram og tilrettelagt som etter- og vidareutdanningstilbod. Dei 27 masterprogramma våre er i hovudsak disiplinorienterte. Nytt av studieåret var masterprogram i musikkterapi, som vi overtok frå Høgskulen i Sogn og Fjordane frå og med dette studieåret.

Studieprogram	2005-2006	2006-2007	Endring
Årsstudium	14	14	0
Bachelorprogram, tverrfaglege (HF)	8	8	0
Bachelorprogram, tverrfakultære	6	7	+1
Bachelorprogram, opne	3	3	0
Masterprogram	26	27	+1
Integrerte masterprogram	2	2	0

Emnetilbudet

Emnetilbudet ved fakultetet er om lag det same som førre studieår. Fakultetet tek sikte på å gå kritisk igjennom emneporteføljen når dei nye institutta er på plass frå og med studieåret 07/08.

Fakultetet nyttar seg i stor grad av kurstilbudet frå Universitetsbiblioteket i informasjonskompetanse. Samarbeidet mellom UB og fagmiljøa våre ser ut til å fungere godt og tilbakemeldingane frå mange fag er at dette tilbudet fungerer godt og er ein integrert del av undervisningstilbudet i faget.

Fakultetet har dei seinare åra hatt fokus på tilbudet vi gir PhD-studentane våre. Det er etablert forskarskular og desse ser ut til å fungere godt. Alle får alle tilbod om et startseminar, og i tillegg deltar dei i kurs ved forskarskulane og ved Senter for vitskapsteori.

Førstesemesterstudiet

Førstesemesterstudiet på HF varierer etter kva program studentane går på. Fakultetet har lagt ned eit stort arbeid i førstesemesterstudiet, både reint fagleg, men også praktisk (til dømes gjennom siteringsteknikk) og administrativt. Denne heilskapen fungerer godt for dei tverrfaglege programma våre.

På tampen av vårsemesteret vedtok fakultetet å halde fram med det førstesemester-opplegget vi har hatt til no. Ei arbeidsgruppe hadde på førehand fått i oppdrag å sjå på det eksisterande opplegget og vurdere behovet for ei nyorientering av exfac i retning av eigne fag- og/eller programspesifikke innføringsemne. Gruppen tilrådde ei vidareføring av dagens ordning, men peika på at dei meir krevjande framandspråka hadde særskilte utfordringar etter innføringa av ny gradsstruktur. Desse framandspråka vurderer no alternative løysingar til oppretting av eigne innføringsemne, som anten vil vere oppretting av forkurs under 100-nivå eller ei utviding av spesialiseringa.

2 Studentdata

2.1 Opptak

Talet på studieplassar ved opptaket var det same som førre studieår (904 studieplassar). Søkjartala til HF viser ei utflating i talet på primærsøkjarar i høve til 2005 og det er sendt ut tilbod om plass til om lag same tal som i fjor (1612). Det er likevel ein svak auke i talet på studentar som tek i mot studieplass og tek til på studiet. Søkjartala viser dessutan at det var ein auka interesse for språkfag som t.d nordisk, engelsk, fransk, og stor interesse for det nye BA-programmet innan latinamerikastudium. Det nye studietilbodet i musikkterapi, overteke frå Høgskolen i Sogn og Fjordane, har hatt god søknad og alle studieplassar er fylte opp.

Samanlikna med studieåret før er dette ein reduksjon i opptekne på årsstudia, medan opptakstalet er litt høgare på bachelorprogramma.

Som førre studieår var hovudopptaket til master om hausten, med suppleringsopptak til våren for nokre fag. Talet på søkjarar til mastergraden er framleis høgt og enkelte fag har venteliste. Søkjartala til dei integrerte lærarutdanningane er tilfredstillande med ein liten oversøking i høve til talet på studieplassar. Fakultetet fekk fem nye studieplassar og dermed fekk samtlege søkjarar til integrert master tilbod om studieplass. Fakultetet etablerte gjennom eigne omdisponeringar spansk som del av lærarutdanninga i framandspråk og styrkt opptaket for kandidatar i påbyggingstudiet i religionsvitenskap (ppu)

2.2 Resultat 2006-2007

1. Studiepoeng, studentar, gjennomføring

	studiepoeng				studentar				stp/student
	H2005	V2006	H2006	V2007	H2005	V2006	H2006	V2007	2005-06
Lågare grad	958	1044	900	961	2907	2776	3032	2603	42,3
Høgare grad	210	268	249	315	887	891	795	784	32,3
Vidareutdanning	45	71	27	28	190	219	282	353	34,0
Profesjon									
Sum	1213	1383	1176	1304	3984	3886	4109	3740	39,6

2. Kandidatar på mastergradsnivå

	H2005	V2006	2005-06	H2006	V2007	2006-07
Hovudfag	31	49	80	29	59	88
Mastergrad	52	90	142	96	139	235
Sum	83	139	222	125	198	323

3. Utvekslingsstudentar

	2005	2006
Innreisande	105	114
Utreisande	167	157
Sum	272	271

Resultatoppnåing

	Mål 06	2006	Avvik
Studiepoeng/årseiningar	2604	2480	-124
Kandidatar på mastergradsnivå	217	323	106

Utvexlingsstudentar	362	271	-91
Studiepoeng pr student	39,4	37,9	-1,5

Oversikta viser at vi har eit relativt stabilt studenttal totalt sett, på i overkant av 3900 studentar på alle nivå, inkludert EVU. På lågare grad har studenttalet dei seinaste åra vore rundt 2800, og vi har mange fleire studentar på EVU-tilboda enn berre for nokre semester sidan. På høgare nivå har utviklinga vore motsett og studenttalet har gått ned med over 100 studentar det siste studieåret. Dette er likevel ikkje dramatisk, då dette i stor grad skuldast utfasinga av cand.philol-studiet og at studentane som var tekne opp til dette studiet i si tid, har fullført studiet dette studieåret.

Trass i at studenttalet har gått ned på høgare grad er utviklinga i studiepoeng og kandidatar svært positiv. Studiepoengsproduksjonen auker og kandidattalet ligg langt over måtalet. Noko av dette skuldast som nemnt over utfasinga av cand.philol.-studiet, men det er likevel god grunn til å tru at dei tiltaka fakultetet har retta mot høgare grad dei seinaste åra, har hatt ein positiv effekt. Studenttalet på masternivå er no litt i underkant av 800 studentar, noko som etter måten samsvarar godt med eit opptak på rundt 255 studentar på studieårsbasis. Framover vil det vere svært viktig for fakultetet at vi arbeider med å utarbeide gode rammeverk og –vilkår for den vedtekte tidsavgrensinga på masterstudiet som vi vil innføre frå studieåret 08/09.

Resultata i 2006 viser at vi har ei stor utfordring i forhold til bachelorstudia våre. Trass i relativt stabilt studenttal går studiepoengsproduksjonen ned på dette nivået og bidreg, saman med utviklinga i sstudiepoengsproduksjonen på EVU-tilboda, til at vi er 1,5 studiepoeng unna måtalet på 39,4 stp/stud i 2006. Resultata dei siste åra viser at utfordringa er størst på 100-nivå, og her vil fakultetet vurdere ulike tiltak for å rette på dette. Funn i interne studentevalueringar som nokre av miljøa våre har gjort og i Studentbarometeret kan tyde på at det har skjedd store endringar i studentkvardagen dei siste åra, m.a arbeider fleire studentar ved sida av studia og dei arbeider mindre med studia sine. Vi bør vurdere om dette skal ha konsekvensar for undervisningsformene og fagtilboda våre, og dette er ein diskusjon vi vil ta framover.

Talet på utvexlingsstudentar er også for lavt, både i forhold til inn- og utreisande studentar. Fakultetet må arbeide aktivt for å sende ut fleire av våre bachelorstudentar i løpet av studiet og for å få fleire til oss. Dette er eitt av dei prioriterte måla i utdanningsstrategien vår for perioden 2007-2010.

2.3 Fråfall

Som vi nemnde i utdanningsmeldinga for studieåret 05/06 starta fakultetet i denne perioden ei kartlegging av bachelorprogramma våre. Resultata frå rapporten viser at vi har ein høg fråfallsprosent på lågare grad. Totalt for alle programma viser tala at 45% av dei studentane vi tok opp i 2003 har avslutta studia sine innan tre år og før dei oppnådde ein grad. 25% fell frå før det har gått to år og 10% i løpet av første studieår. Reknar ein med internovergang til andre studieprogram ved UiB er tala høvesvis 54%, 34% og 14%.

Det er forskjell mellom programma våre, og det som i størst grad skil nokre program frå andre, er talet på studentar som søker overgang til andre studiar ved UiB.

Som ein konsekvens av funna i denne rapporten vedtok fakultetet å leggje ned to studieprogram (bachelorprogram i moderne kunst og estetikk og bachelorprogram i kulturformidling) og å fryse opptak til to program (bachelorprogram i idéfag og bachelorprogram i arbeidslivsstudium).

Fakultetet har også i studieåret 06/07 teke kontakt med dei studentane som er forseinka med 30 studiepoeng eller meir, og vi har gode rutinar for oppfølging. Tal frå studieprogramrapporten vår viser at det prosentvis er fleire studentar ved dei tilrettelagde programma som er forseinka enn i dei frie studieprogramma våre, og at denne studentgruppa tilsynelatande har større behov for rettleiing i samband med justeringssamtalar.

Fakultetet ønskjer å knyte ein merknad til måten fråfall vert rekna ut på emnenivå. Vi meiner det er uheldig og gir eit skeivt bilete at det er oppmeldingstalet som vert nytta som utgangspunkt. Mange av emna våre har langt fleire oppmelde enn dei som viser seg på førelesingar og møter til eksamen, og så lenge det ikkje er avgrensa kor mange emne ein student kan melde seg til i semesteret og utdanningsplanane ikkje er fastlåste til strenge løp, vil dette etter vår meining halde fram. Eit meir reelt bilete får ein ved å rekne fråfall frå møttetalet, og internt opererer fakultetet med dette når vi vurderer fråfall.

3 Kvalitetssikring og utvikling

3.1 Tid til forskning og undervisning

Hovudpunkt i fakultetets kvalitetssikringsarbeid i studieåret 06/07 har vore oppfølging knytt til kartleggingsrapporten for bachelorprogramma og utarbeiding av utdanningsstrategi for perioden 2007-2010. Dei prioriterte områda innafor utdanningsstrategien vil også ha hovudfokus framover. I tillegg til fakultetet saman med institutta ha fokus på "tid til forskning" i tråd med tilrådingane i "Under lupen".

3.2 Eksamen/vurdering

Fakultetet brukar desse vurderingsformene:

- Skuleeksamen
- Munnleg eksamen
- Heimeeksamen
- Mappevaluering
- Semesteroppgåve
- Justerande munnleg
- Ulike formar for undervegsvurdering
- Gruppeeksamen
- Konsertar
- Greidd på grunnlag av frammøte

Fleire av institutta har i sine utdanningsmeldingar peika på at dei ønskjer å gå kritisk gjennom dei eksamen- og vurderingsformene som vert nytta i emna. Dette er også eit ledd i arbeidet med tilpassing av studie- og emneplanar til det europeiske kvalifikasjonsrammeverket.

3.3 Internasjonalisering

Internasjonalisering er eitt prioritert felt for fakultetet framover, og feltet er via særskilt merksemd i utdanningsstrategien vår. I studieåret 06/07 har fleire miljø, m.a religionsvitenskap og musikk, starta planlegging av utdanningssamarbeid med utanlandske institusjonar. Av andre tiltak kan det nemnast at fakultetet på tampen av vårsemesteret hadde ei større delegasjonsreise til Russland, som ser ut til å resultere i avtalar med fleire institusjonar i Moskva og St.Petersburg.

Fakultetet skal framover også ha fokus på å utvikle betre engelskspråklege tilbod, og få utvekslinga opp.

3.4 Karakterfordeling

Dei store emna på lågare grad har snittkarakteren på C. På mindre emne med få studentar er det større variasjon, utan at vi kan trekkje nokre eintydige konklusjonar av den grunn. Når me ser desse over tid ligg snittet også på desse rundt C.

Snittet på høgare grad er mellom C og B på emnenivå.

Arbeidet med bruk av karakterskalaen og karakterfordeling vert følgt opp av fagmiljøa våre i dei nasjonale fagråda.

3.5 Sensorordning

På lågare grad er det ulike ordningar mellom faga med omsyn til bruk av ekstern sensor. Nokre miljø nyttar ekstern sensor berre på masternivå, medan andre også bruker det på bachelornivå. På masteroppgåva bruker fakultetet kommisjonar med tre sensorar, to interne og ein ekstern. Eitt fagmiljø har fått godkjent ei prøveordning der rettleiar ikkje skal vere medlem i kommisjonen. Dette faget har tidlegare peika seg ut ved å ha svært gode karakterar på masteroppgåva, og denne ordninga er godkjent i eit forsøk på å vurdere denne ordninga.

Ordninga med programsensor har enno ikkje heilt funne si form. Nokre fag og program har gode erfaringar med ordninga, og nyttar rapportane i arbeidet med å vidareutvikle undervisningstilbodet, medan andre har mindre gode erfaringar. Når den nye organisasjonen har fått sett seg etter reorganiseringa, vil dette vere eitt av feltene vi kjem til å ta opp med institutta.

3.6 Evaluering av program og emne. Evalueringsmetodar.

Institutta har ikkje kunna nytta det elektroniske verktøyet "Kvalitetssikring av universitetsstudia" for institutttrappertane i år. Dette skuldast at det ikkje har vore teknisk mogeleg å få den nye instituttstrukturen på plass i databasen for studieåret 06/07. Rapportar har vorte leverte inn som tekstdokument og dei viser, som i fjor, at vi har fagmiljø med gode kvalitetssikringsrutinar og med gode og kritiske evalueringsmetodar. Studentevalueringane har ein stor plass i rapportane, og dette viser at studentane sine innspel og tilbakemeldingar er viktige for studiekvalitetsarbeidet ved fakultetet.

Fakultetets program vert evaluert etter avtale med programsensor. Fagmiljøa/programstyra avgjer om dei ønskjer ei større evaluering av programmet, eller mindre, temabaserte evalueringar.

3.7 Rammevilkår

Også i studieåret 2006/07 har Eigedomsavdelinga arbeidd med å oppgradere bygningar knytt til fakultetet, og dette har i særleg grad vore eit problem for dei institutta som høyrer til i HF-bygget. Fleire institutt har måtta flytta ut under oppussinga, og fleire mastergradslesesalar har vore flytta til Sydneshaugen skule på kostnad av lågaregradsplassar. Fakultetet har gjort det som er mogleg for å unngå problem for studentane, og prøvd å finne løysningar. Plassmangel og for små og dårlege undervisningslokale går att i tilbakemeldingar frå institutta. Griegakademiet har spesielle utfordringar knytt til lokalar, både i forhold til undervisningsrom og kontor for tilsette og har fakultetet har behov for ei avklåring i forhold til Nygård skule. For å huse det nye musikkterapi miljøet har vi måtta inngå leigeavtalar ekstern både for undervisning og kontor, og dette er uheldig i lengden.

Det nye UB har vore ein stor ressurs for fakultetet, både som kurstilbydar, læringscenter, pc-tilgang og lesesal.

I fleire av institutttrappertane er det uttrykt bekymring over små og sårbare fagmiljø. Få tilsette har mykje undervisning og rettleiing, og i periodar er desse fagmiljøa avhengige av vikarar og

mellombels tilsette. Delar av studietilbodet vårt er for personavhengig, og det gjer oss sårbare ved t.d permisjonar og forskingstermin. Dette er faktorar som lett kan gå ut over kvaliteten på undervisninga og rettleiinga.

Samarbeidet med HFSU er godt , og studentane er representert i utval og arbeidsgrupper. Vi tek i komande studieår sikte på å få eit enno tettare samarbeid med studentutvalet, spesielt i saker som er knytt opp til satsingar innafor utdanningsfeltet.

3.8 Tiltak retta mot høgare grad

Fakultetet har også i dette studieåret følgt opp vedtak i handlingsplanen for masterutdanninga vår. I tillegg har fakultetet vedteke å innføre tidsavgrensing på mastergrad frå og med studieåret 08/09. Vi ønskjer framover å fokusere på å utvikle eit godt rammeverk for ordninga og sjå på tiltak på rettleiingssida i lys av dette vedtaket. Elles ønskjer fakultetet å skape fleire møteplassar mellom masterstudentane og det aktive forskarmiljøa på faga, gjennom m.a å knyte masterstudentane opp til forskingsprosjekt og forskarskulane.

4 Analyse

4.1 Vurdering av studie- og fagtilbodet

Fakultetet har ei stor programportefølje, med mange tverrfaglege og tverrfakultære program. Det er stor aktivitet i fagmiljøa og mange av faga er med i mange program. Nokre fag har opplevd at dei på grunn av deltaking i mange program ikkje har kunna setje i verk kvalitetshevande tiltak innafor eige fag, fordi det ville ha fått konsekvensar for studieløpa til programma dei er involverte i. Fråfallet i løpet av dei treårige utdanningsløpa er stort, og det er store skilnader mellom programma. Fakultetet har vedteke å leggje ned to program og fryse opptak til to program. I strategien som går frå 07-10 er det også tenkt å redusere programporteføljen av tilrettelagde program ytterlegare, og opprette eitt meir disiplinretta program i humanistiske fag.

Fakultetet vil saman med institutta også vurdere særskilte tiltak for einskilde fag som over lengre tid har slitt med rekruttering, både på lågare og høgare grad. Utvikling av ei større portefølje i emnetilbodet på engelsk eller anna framandspråk er også viktig for fakultetet framover.

Fakultetet har også særskilte utfordringar knytt til integrert lærarutdanning. Generelt har det vore problematisk å koordinere timeplanlegging og praksis for dei ulike kulla, og informasjonen til studentane har til dels vore for mangelfull og uklar. Vi har eit for stort fråfall i programma, noko vi må prøve å få ei endring på. I studieåret 07/08 vil integrert lærarutdanning få eit spesielt fokus, både fagleg og administrativt, og vi vil iverksetje ei rekkje tiltak for å betre tilhøva for lærarutdanninga.

4.2 Vurdering av eksamens-/vurderingsformer og sensorordninga

Det er eit kontinuerleg fokus i fagmiljøa på å tilpasse eksamensformene til undervisninga og læringsmål, og fordele arbeidsmengda jamt for studentane gjennom studieløpet. I utdanningsmeldingane til institutta er det fokusert på dette, og tilbakemeldingar frå evalueringane vert følgt opp gjennom t.d studieplanendringar. Fakultetet vil i komande studieår føreta ein gjennomgang av emne- og studieplanane med særleg fokus på eksamen- og vurderingsformer.

Fleire programsensorar har kome til i studieåret, men ordninga har enno ikkje heilt funne si form. Dette må fakultetet arbeide vidare med. Tilbakemeldingar frå programsensorane vert følgt opp av fagmiljø og programstyra. Fakultetet nyttar framleis ekstern sensor i stor, om enn i noko mindre grad enn tidlegare på bachelornivået. Vi har ikkje funne grunnlag til å endre på dette så lenge kostnadene ikkje er større enn ved bruk av intern sensor.

4.3 Effekten av kvalitetsarbeidet

Fakultetet har lange tradisjonar for kvalitetsarbeid, og i dette studieåret har fakultetet sett teke eit steg vidare i retning av større fokus på og betre rutinar for arbeidet med studiekvalitet. Vi har samla sett fått betre og meir utfyllande rapportar, og institutta har i studieåret meir systematisk enn tidlegare nytta fleire ulike former for evaluering . Det er gode rutinar for oppfølging av funn i evalueringane, både på fag-, institutt- og fakultetsnivå. I studieåret 07/08 vil det vere eit spesielt fokus på å samkjøre rutinene internt i dei nye storinstitutta.

4.4 Vurdering av læringsmiljøet

Ombyggingar har ført til større utfordringar i høve til det fysiske læringsmiljøet enn førre studieår, og framleis melder institutta om problem med å skaffe til veie nok og gode nok undervisinglokale. Her er fakultetet avhengig av eit tett og nært samarbeid med sentrale einingar og dei andre fakulteta (særleg i samband med timeplan for exphil) for å kome ønska frå miljøa våre i møte i større grad. Det er også kome tilbakemeldingar på at det er behov for betre IKT-utstyr i delar av undervisningslokala, og at nokre undervisningsrom med gammalt møblement ikkje er tilpassa dagens behov.

UB er ein viktig støttespelar for mange fag ved fakultetet og har vore eit viktig og positivt bidrag til læringsmiljøet på HF på mange område. Fakultetet ønskjer å utvikle samarbeidet med biblioteket i åra framover. Studiestarten dette studieåret var betre tilrettelagt enn tidlegare. For første gong vart det arrangert ein fagdag ved semesterstart, der lærarar og masterstudentar fekk presentere sine prosjekt og si forskning for nye studentar. Dette har vore ein stor suksess, og vi ønskjer å halde fram med ordninga til neste år.

4.5 Resultatoppnåing

Samanlikna med førre studieår har studiepoengsproduksjonen for fakultetet gått ned. Lågare grad, som hadde ei svært positiv utvikling førre studieår, har gått tilbake, både for bachelorstudia og EVU-tilboda. Høgare grad har ein positiv utvikling, både i studiepoengproduksjon og kandidattal.

Tala viser elles at vi har noko fleire studentar enn det vi ifølgje studieplasstalet skal ha. Det er såleis ei utfordring for oss å få produksjonen opp på alle nivå, utan at vi må kompensere for manglande produksjon ved å ta opp for mange studentar. Det må også arbeidast med å få betre registreringar av deltidsstuderande, slik at dette også kan verte teke høgde for både i høve til studenttal og produksjon.

Utvekslingstalet må også opp for fakultetet.

4.6 Samla vurdering

Mykje godt og viktig arbeid med kvalitetssikring føregår i fagmiljøa og på institutta. Fakultetet hadde i studieåret 06/07 fokus på kartlegging av bachelorprogramma og fastseting av kriterier for oppretting og nedlegging av program. Vi har samla institutta og programma til ein todagars konferanse (Utdanningsdagar) der funna i rapporten var grundig gått gjennom og diskuterte. I forlenginga av desse tiltaka har vi arbeidd med og fått vedteke ny utdanningsstrategi for 2007-2010. For komande studieår vil vi arbeide med å følgje opp intensjonane i strategien og lage særskilte oppfølgingsplanar for enkelte av punkta. Tiltak for å få opp studiepoengsproduksjon, fleire utvekslingsstudentar og betring av integrert lærarutdanning vil ha eit hovudfokus for komande studieår.